



HAREID KOMMUNE
Sektor for samfunnsutvikling

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Vår referanse
22/1077 22/6472

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Anne Kathrine Løberg

Dato
14.06.2022

Framlegg til endring av forskrift for minsteareal for hjort i Hareid kommune

Næring- og miljøutvalet har i møte 07.06.2022, sak 27/22, fatta følgjande vedtak:
Næring- og miljøutvalet sender framlegg om endring av minstearealet for Hareid kommune frå 350 dekar til 200 dekar ut på høyring.

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar interkommunalt
landbrukskontor

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til
Anne Kathrine Løberg



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
27/22	Næring- og miljøutvalet	07.06.2022

Framlegg til endring av forskrift for minsteareal for hjort i Hareid kommune

Samandrag:

Hareidsdalen hjortevald ved Norvald Røyset, har søkt om endring av minstearealet i kommunen til 200 dekar. Hjørungavåg hjortevald, SKAU hjortevald og Nakkane hjortevald støttar framlegget. Kommunedirektøren tilrår Næring- og miljøutvalet at framlegget vert sendt ut på høyring.

Næring- og miljøutvalet 07.06.2022

Nye framlegg:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke

NMU - 27/22 Vedtak

Næring- og miljøutvalet sender framlegg om endring av minstearealet for Hareid kommune frå 350 dekar til 200 dekar ut på høyring.

Kommunedirektøren si tilråding:

Næring- og miljøutvalet sender framlegg om endring av minstearealet for Hareid kommune frå 350 dekar til 200 dekar ut på høyring.

Saksopplysningar:

Hareidsdalen hjortevald ved valdsansvarleg Norvald Røyset har sendt inn framlegg om reduksjon av minstearealet i Hareid kommune til 200 dekar per dyr. Hjørungavåg hjortevald, SKAU hjortevald og Nakkane hjortevald støttar framlegget. Framlegget er datert 01.12.2021. Norvald Røyset legg vekt på omfanget av beiteskader på jordbruksareal, skader på hagetre og auken av flått. Hjortestamma har hatt ein sterk auke og den bør reduserast til 2008-nivå.

Målsetjinga i Hareid kommune sin forvaltingsplan frå 2009 «Målsetjing og ramer for hjorteviltforvaltninga i Hareid kommune»:

Hareid kommune skal ha ei sunn og berekraftig hjortestamme, og storleiken på stamma skal ikkje vere høgare enn at beiteskader og påkøyrslar er på eit akseptabelt nivå. Storleiken på stamma bør stabiliserast på 2008-nivå. Kjønn- og aldersfordelinga bør stabiliserast på 2008-nivå.

Hjortebestanden i kommunane Hareid og Ulstein er skildra i Ulstein kommune sin forvaltingsplan:

Generelt er bestanden av hjort på Søre Sunnmøre rekna for å vere tett samanlikna med andre delar av Norge (Meisingset m.fl., 2008). Ulstein og Hareid kommune er geografisk sett same øya. Viltkartleggingane på 1980-talet viste mange trekkruter for hjort på tvers av kommunegrensa. Det er difor rimeleg å anta at hjortebestanden delvis er felles for dei to kommunane. I eit langsiktig perspektiv kan det difor vere aktuelt å sjå på eit samarbeid med tanke på ein felles forvaltingsplan for dei to kommunane.

Arealbruken til hjorten blir påverka av dei endringane som skjer i samfunnet. Faktorar som utbyggingar, nye vegprosjekt, færre utmarksområde og klimaendringar utfordrar hjorten sine naturlege beite, trekk- og opphaldsområde.

Det er viktig at kommunen kan drive ei forsvarlig hjorteforvaltning og ha eit godt samarbeid med valda. Dei har eit stort ansvar for bestandsplanlegginga gjennom utarbeiding og gjennomføring av bestandsplanar. Dette inneber m.a. koordinering av jakta og målretta felling av dyr.

Regulering av minstearealet er eit viktig verkemiddel for å regulere hjortebestanden. Slik regulering bør samordnast med andre verkemiddel som fråvik av minstearealet (§ 7) og bestandsplan (§ 15). I akutte situasjonar kan kommunen vurdere skadefelling, jf. Naturmangfaldlova § 18 4.ledd.

Opning av jakt på hjort og fastsetjing av minsteareal vert vedteke av kommunen ved lokal forskrift jf. hjorteviltforskrifta § 6 første ledd. Eventuelle forskriftsendringar må vedtakast av kommunen før 15. mars, jf. § 6 andre ledd. Ny forskrift vert deretter kunngjort i Norsk Lovtidend. Fristen er sett med bakgrunn i andre fristar i hjorteviltforskrifta, slik som fristen for godkjenning og endring av vald jf. hjorteviltforskrifta §§ 10-11 og om fellingsløyve for hjort, jf. § 18.

Før fastsetjing av minstearealet skal kommunen vurdere følgjande:

- Kommunen sine målsetjingar for utvikling av hjortebestanden.
- Tal frå jaktstatistikk, «sett hjort» data og andre tilgjengelege opplysningar om bestandsutviklinga i kommunen.
- Beitetilhøva og hjorten sine livsvilkår elles, medrekna sesongtrekk.
- Eventuelle konflikhtar i høve til jord-, hage- og skogbruk.
- Vilt påkjørslar langs veg og annan irregulær avgang.
- Andre moglege konfliktområde.

Hareid kommune vedtok endring av minsteareal frå 600 dekar per dyr til 350 dekar i 1997. Dette hadde bakgrunn i produksjonsgrunnlag, bestandstettleik, beiteskader og hjortepåkjørslar.

Ved å justere minstearealet i tråd med utviklinga av bestanden er det mogleg å gje fellingsløyve etter hovudregelen i hjorteviltforskrifta § 6. Sjølv om rådgjevinga er at ein unntaksvis skal nytte regelen om fråvik i minstearealet i hjorteviltforskriftens § 7, er det nødvendig når vi ikkje har så store planområde at valda har stammevis forvaltning. Storleiken på valda våre medfører at valda har ein del av forvaltninga av den same hjortebestanden. Men situasjonen med skadepress varierer mykje valda imellom. Når hjorten sin arealbruk skaper konflikter bør det vere rom for å auke tal fellingsløyve. På den andre sida er det liten grunn til å gje mange uønska løyve til vald som har ein annan situasjon.

Vurdering og konklusjon:

Det er ei målsetjing å tilpasse minstearealet til utviklinga av hjortebestanden i kommunen. Hovudmålsetjinga i forvaltingsplanen som vart vedteken i 2009 er å stabilisere storleiken på stamma til 2008-nivå. Omfanget av beiteskader og påkøyrslar skal vere på eit akseptabelt nivå.

Talmaterialet som ligg til grunn for å vurdere endring av minstearealet er fellingstal, vårteljningar og data frå "Sett og skutt". I tillegg er det erfaringar og dokumentasjon på beiteskader og påkøyrslar.

Arealet per felte dyr i Hareid kommune har variert frå 340 dekar til 236 dekar. Frå og med 2017 har tal felte dyr lege under minstearealet på 350 dekar per dyr. Dette kan vere ein god indikasjon på at minstearealet bør setjast ned. Gjennomsnittet er på 305 dekar per felte dyr.

Statistikken syner ein stor variasjon i fellingstala for kvart av hjortevalda. Hjørungavåg og Nakkane får tildelt og feller flest dyr per areal med eit snitt på 206 dekar og 218 dekar per dyr. Hareidsdalen har eit snitt på 335 dekar per dyr, og SKAU og Brandal er på over 400 dekar per dyr.

Vårteljning av hjort er gjennomført i meir enn 20 år. Snittet av teljingane for åra 2007 – 2009 syner i snitt 122,7 talde dyr per år. Same teljingane frå 2020 – 2022 syner i snitt 225,7 talde dyr. Tala syner nær ei dobling frå 2008-nivå og fram til i dag.

Vi har fortsatt for svakt talmateriale frå "Sett og skutt." Det manglar registreringar frå 7 av i alt 29 jaktfelt, og mange jaktfelt har berre registrert dagar med felte dyr.

Vi har ikkje dokumenterte målingar for beiteskade på innmark. Men vi har fleire synfaringar og billedokumentasjon frå gardbrukarar som driv med grasproduksjon og skadane er omfattande hjå fleire av dei.

Tal påkøyrslar per år var frå 3 til 4 for 10 år sida. Siste åra har talet vore frå 6 til 8 hendingar. Påkøyrslane er i all hovudsak i Hareidsdalen.

Frå og med 2022 er det endringar i Hareidsdalen hjortevald som medfører auke i teljande areal på 3.245 dekar. Etter dagens minsteareal på 350 dekar utgjer det 9 fellingsløyve. Men etter reglane kan det utgjere 13 løyve med det fråviket i minsteareal som valdet har i dag.

i kommune kan vere inndelt i fleire soner med ulike minsteareal. Det kan vere nødvendig i kommunar med stor geografisk utstrekning og med ulik bestandssituasjon og skadepress. Men dette er ikkje tenleg i ei lita kommune som Hareid. Verktøyet i Hareid vil vere regelen om at minstearealet kan fråvikast med inntil 50%. Utfordringa er at regelen berre kan nyttast for eit avgrensa tidsrom. Alternativet er at fleire vald samarbeider i eit bestandsplanområde og utarbeider ein felles bestandsplan. Da kan variasjonen i kommunen fordelast over ein større geografi.

Ut frå ei samla vurdering rår kommunedirektøren til at det vert sendt framlegg om å endre minstearealet for Hareid kommune til 200 dekar ut på høyring. Høringa vert lagt ut på heimesida til Hareid kommune, sendt til alle hjortevalda i Hareid kommune og Ulstein kommune, til landbruksorganisasjonane sine lokallag og til Ulstein og Hareid jeger og fiskeforeining.

Konsekvensar for barn og unge: Ikkje aktuelt.

Konsekvensar for eldre: Ikkje aktuelt.

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: Ikkje aktuelt

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Berre privatøkonomiske.

Ragnhild Velsvik Berge
kommunedirektør

Anne Kathrine Løberg
Avdelingsleiar

Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagd innan fristen. Klagen skal sendast skriftleg til det organet som har gjort vedtaket. Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i §§ 18 og 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss. De vil då få nærare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.

Meir informasjon om klagerett finn du på kommunen si heimeside.